



Jarle Flatebø mønstrar av som kaptein på Statsraad Lehmkuhl. (Foto frå BT-avisa om Tall Ships Race)

Sidan 2004 har Jarle Flatebø vore avløysar som kaptein på seglskuta 'Statsraad Lehmkuhl'. Flatebø har slekta si frå Uskedalen og ferierte kvar sommar i Beinavikjo fram til vaksen alder. Fast kaptein har sidan 1994 vore Marcus Seidl. Han held fram med det overordna ansvaret på den staselege seglskuta med eit mannskap på 36 personar. Med to kapteinar har ein ansvaret for kvar sine tokter, med varighet på 1 – 2 månader.



[Kaptein Marcus Seidl legg skuta til kai i Rosendal i 2015](#)

Det vert sett store krav til ein som skal vera kaptein på 'Statsraaden'.

Som kaptein på ei seglskute som dette må du, i tillegg til å vera ein god sjømann, vera godt likt av mannskap og medseglarar. Kapteinen er den som profilerer skuta og er ansiktet ut mot media og omverda.

Jarle Flatebø har meistra denne oppgåva på ein framifrå måte.



[Statsraad Lehmkuhl på den siste turen gjennom Storsund i 2015](#)

Tekst: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal/Frode Sæbø

Nett: Thor Inge Døssland